



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Sykkylven kommune  
Rådhuset, Kyrkjevegen 62  
6230 Sykkylven

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
19/430	25.02.2021	37804/2021/REGULERINGSPLAN/1528	Synnøve Valle, 71 28 02 39	15.04.2021

## Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Berli Boligtun - fråsegn til avgrensa høyring

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske demokratiet. Fylkestinget er øverste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

### INNLEIING

Detaljregulering for Berli Boligtun er sendt ut på ny avgrensa høyring. Vi er bedne om å trekke motsegnene som vi hadde i samband med sikring av automatisk freda kulturminne, tilstrekkeleg utgreiing av trafikkforholda og sikring av leikeplassar.

### Samferdsel

#### Motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune fremma motsegn til planen ved offentleg ettersyn med bakgrunn i utilstrekkeleg utgreiing av trafikkforholda.

Norconsult har utarbeidd ein supplerande trafikkanalyse som støttar konklusjonen i den første trafikkanalysen frå 2019. Trafikkanalysane konkluderer med at omlegginga ikkje vil føre til kapasitetsproblem i kryssa til fylkesvegen, og at fordelane med å ta bort vegen er større enn ulempene.

Vi vurderer trafikktilhøva for tilstrekkeleg utgreidd, og vi kan såleis **trekkje** vår motsegn til planen.

#### Støyskjerm / byggegrense

Det er i planomtalen føresett at støyskjerm skal etablerast omkring 14,5 meter frå senterlinje fylkesveg. For andre bygg er byggegrensa på planområdet på ca. 25 meter frå fylkesveg. Byggegrense mot fv. 60 er av det vi kan sjå ikkje fastsett verken i plankartet eller føresegnene. Talfesta byggegrens for støyskjerm og andre bygg må fastsettast i føresegnene, og kan med fordel også visast i plankartet. Utan ei talfesta byggegrens kan det oppstå usikkerheit kring dette seinare.

Med støttemur og støyskjerm på minimum kote 18 blir det ein stor konstruksjon mot fylkesvegen. Vi føreset at støttemur med støyskjerm og fyllingsfot og eventuelle andre terrenginngrep blir anlagt utanfor Møre og Romsdal fylkeskommune sin eigedom. Det er viktig at eventuelt arbeid med vedlikehald av støttemur med støyskjerm ikkje må nytte sikkerheitssona til fv. 60. Det bør derfor i mest mogleg grad nyttast vedlikehaldsfrie materialar for støttemur med støyskjerm.

Vi gjer merksam på at etablering av støttemur med støyskjerm vil kreve gjennomføringsavtale med fylkeskommunen.

#### Jordskiftesak

Vi gjer vidare merksam på ei pågåande jordskiftesak mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og naboeigedomen i sør, gbnr. 15/56/0/1, der hensikta er å forbetre avkøyrsla til eigedomen. Saka er ikkje avklart på noverande tidspunkt, men kan få konsekvensar for tilgjengeleg areal for denne planen i sør. Avhengig av utfall i jordskiftesaka må kommunen eventuelt vurdere om avkøyrsla for Berli Boligtun og gbnr. 15/56/0/1 kan/bør bli samordna.

#### **Automatisk freda kulturminne**

Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, kml § 8.4

Planen er i utgangspunktet i konflikt med delar av kulturminne: ID 242544.

Vi viser til brev datert 13.04.2021 frå Universitetsmuseet i Bergen. I dette brevet tilrår museet at det vert gitt dispensasjon utan vilkår om ytterlegare arkeologiske undersøkingar knytt til området som er merka som RpBo #1. Dispensasjonen gjeld for delar av eit busetjings- og aktivitetsområde frå steinalder, ID 242544, som er automatisk freda i medhald av lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminnelova), § 4, første ledd.

#### Lovheimel

I samsvar med kulturminnelova, § 8 fjerde ledd, skal styresmaktene i samband med behandlinga av reguleringsplanen ta stilling til om dei kan gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir påverka av planen. Fylkeskommunen er rette styresmakt til å ta avgjerd i slike saker, jf. forskrift om fastsetting av myndigheit mv. etter kulturminnelova § 3, andre ledd.

#### Omtale av kulturminnet

ID 242544 er eit busetjings- og aktivitetsområde frå eldre steinalder som blei registrert i 2018 i samband med oppstart av reguleringsplan for Berli Boligtun. Lokaliteten ligg ca. 200 meter sør for Sykkylven sentrum på Klokkarhaugen, gbnr. 15/158. Lokaliteten ligg på austsida av Sykkylvsvegen, med det verneverdige Berlihuset i nord. Det vart påvist fem strukturar, to moglege strukturar, eit kulturlag og 128 litiske funn. Lokaliteten er avgrensa mot vest av ei bratt skråning langs Sykkylvsvegen og i aust av Kyrkjevegen. Den sørlege avgrensinga er knytt til ei negativ sjakt og to negative prøvestikk. Sørleg del av lokaliteten er i konflikt med leikeplass knytt til reguleringsplanen. Det vart opna fem sjakter innanfor lokaliteten, som var positive. Det vart også grove 10 prøvestikk. Åtte av desse var positive medan to var negative.

Tre fasar av aktivitet blei registrert. Eit kulturlag vart datert til seinmesolitikum, 5783 – 5661 f.Kr. Ei kokegrop blei datert til 5472 – 5331 f.Kr. Fase 3 er frå eit kulturlag/dyrkingslag datert til seinneolitikum, 1918 – 1748 f.Kr. Det vart også funne 128 litiske funn under registreringa: 98 flint, 28 bergkrystall og 2 kvarts. Funn av flint og bergkrystall indikerer seinmesolitisk datering, og at lokaliteten var i bruk over en periode på rundt 200-400 år. Det ser ut til at steinalderbuplassen er konsentrert til den nordlege halvdelen av planområdet. Den sørlege delen av planområdet er forstyrta av moderne inngrep i form av kablar og påførte jordmassar.

#### Universitetsmuseet i Bergen sine merknader

Strandforskyvingskurven tyder på at middelhøgvatn låg ved 17 moh. ved tidspunktet det seinmesolitiske kulturlaget er datert til. Dette er 50 til 75 cm over nivået av sjølve kulturlaget og verkar noko høgt, men gjer merksam på at strandforskyvingskurvane i distriktet ikkje er nøyaktig til centimeternivået, erfaringsmessig kan ein vente ein feilmargin som truleg ligg innafor 1 meter. Strandforskyvingskurven tyder uansett på ei dateringsramme innan seinmesolitisk tid, noko som stemmer med både den radiologiske dateringa av kulturlaget og råstoffsamansettinga.

Kokegropene, gropen og den moglege kantgrøfta påvist i sjakt A indikerer at det seinmesolitiske kulturlaget er stadvis skada av aktivitet i bronse- og/eller jernalder. Den øvre delen av laget har truleg blitt fjerna i samband med moderne jordbruk, og laget har truleg også vorte påverka av forhistorisk dyrking. Littiske artefakter i grus på lågare nivå enn kulturlaget kan i prinsipp ligge i primære kontekster (dvs. ikkje forstyrta), men det stor fare for at desse funna har blitt fjerna frå sine opphavlege kontekster og forflytta i samband med bølgeslag under Tapes transgresjonen og/eller har blitt dratt ut og forflytta i samband med jordbruk. I den delen av lokaliteten som er søkt frigitt er 12 av 13 littiske funn lausfunn frå sjakt E.

Universitetsmuseet i Bergen tilrår at sørleg del av lokalitet 242544 som er merka med RpBo#1 blir frigitt utan vilkår om ytterlegare gransking. Museet er i utgangspunktet kritisk til dispensasjon av delar til ein lokalitet, men kan akseptere det der delinga gir mening i forhold til funnkonteksten. I den aktuelle lokalitetsdelen er det ei stor moglegheit for at dei littiske funna ikkje ligg i sin primære kontekst, og det er i tillegg dokumentert minst ei moderne inngrep (grøft) i området. Museet aksepterer dermed, i dette tilfellet, forslaget om dispensasjon frå Lov om kulturminne for den omsøkte lokalitetsdelen.

#### Fylkeskommunen sine merknadar og vurdering av saka

Kulturminneforvaltninga skal med heimel i kulturminnelova verne om kulturminna som ikkje-fornybare ressursar, og arbeide for at desse verdiane blir tekne hand om på best mogleg måte, og nyttiggjorde i eit samfunn i endring. Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne kan likevel bli gitt etter ei avveging mellom dei kulturminnefaglege verdiane, private omsyn og omsynet til andre samfunnsverdiar.

I denne saka er fylkeskommunen rette mynde, og vi legg vekt på at området har ei viktig og sentral plassering i høve leikeareal, samtidig vil leikeplassen skape ei buffersone mellom den freda steinalderbuplassen og bustadområdet. Delar av id 242544 som er merka med RpBo #1 må få oppdaterte reguleringsføresegner som viser til at det vert gitt dispensasjon utan vilkår om ytterlegare gransking.

#### Vedtak etter kulturminnelova:

Møre og Romsdal fylkeskommune gir samtykke til at reguleringsplan for Berli Boligtun vert eigengodkjent. Følgjande vilkår gjeld for vedtaket:

Det vert gitt dispensasjon utan vilkår om ytterlegare gransking for RpBo-område #1 i sørleg del av ID 242544.

Føresegnene til reguleringsplanen må endrast slik det kjem fram nedanfor.

Delar av kulturminnet, med kulturminne-ID 242544, er merka i plankartet som bestemmelsesområde, merka #1 – ID 242555. For dette området må følgande tekst leggjast til fellesføresegnene: «*Delar av det automatisk freda kulturminne ID242544 som er markert som område for føresegn #1 – ID 242544 i plankartet vert frigjeven utan vilkår om ytterlegare gransking.*

#### Leikeplass- merknadar

I plankartet er det lagt inn ein mur som er oppgitt å vere 1,5 m. høg. Vi er einige i at det er lurt å ha ei grense mellom leikearealet og den freda lokaliteten, men denne muren bør vere lågare, viser til tidlegare korrespondanse datert 10.09.2019. Her vert det oppgitt at det bør vere ein låg mur med 0,5 meter breidde og 0,5 m høgde for å marke skiljet mellom dei to områda. Dette for å vere bevisst på skiljet og lettare unngå uheldig opparbeiding av tiltak innanfor verneområdet. Viser også til korrespondanse datert 28.02.2021 kor det vert vist til at større leikeapparat bør blir trekt lengst mot sør og at ein vel mindre leikeapparat mot nord, dette bør nemnast i reguleringsplanen.

#### §5 Føresegnsområder

##### §5.1 frigjeving av kulturminne

Her kan de oppdatere til vilkåret vist ovanfor.

#### § 3.3 Grøntstruktur

##### § 3.3.1 friområde

Her bør det nemnast at stien ikkje skal bestå av fast dekke eller arbeid som fører til at ein må grave i grunnen. Den bør vere lagt på markoverflata og skal ikkje vere breiare enn 1,5 m. Tiltakshavaren skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket med sti vert sett i gong.

Eit alternativ som bør vurderast er grasarmering for å få ein sti som er ein naturleg del av friområdet.

#### **Barn og unge**

I det oppdaterte planforslaget er det gjort endringar som sikrar tilstrekkeleg eigna leikeareal, jamfør Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga. Vi kan derfor **trekke motsegna** som vi hadde.

#### **KONKLUSJON**

- Vi vurderer trafikktilhøva for tilstrekkeleg utgreidd, og vi kan såleis **trekkje** vår motsegn til planen.
- Når det gjeld tilhøvet til kulturminnelova, samtykker vi til at reguleringsplan for Berli Boligtun vert eigengodkjent med dei endringane som er nemnd ovanfor. Vi **trekker** motsegna som vi hadde.
- Det er gjort endringar som sikrar tilstrekkeleg eigna leikeareal. Vi **trekker** motsegna.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Synnøve Valle  
rådgivar

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir.*

Fagsaksbehandlar:

Samferdsel: Avdelingsingeniør Ingrid Renate Gjørvad, tlf. 71 28 00 44

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Susanne Busengdal, tlf. 98 63 17 74

Vedlegg:

1. Tilråding frå Universitetet i Bergen
2. Oversiktsplan omsøkt tiltak

Kopi:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen